

		Endeleg
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavinga	SYSTEMREVISJON ved EWOS AS Florø	RAPPORT

Verksemda si adresse:	Gunhildvågen 6900 Florø	Arkivkode:	2010/5455 – 461.3
Lovverk:	Ureiningslova med forskrifter	Tidsrom for kontrollen:	7. – 9. sept. 2010
FMVA si kontrollgruppe:	Gøsta Hagenlund Grete Haugan	Kontaktperson i verksemda:	Rune Ryland Ingrid Stavang
EMAS-registrert:	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/> Dato:	Risikoklasse:	2
		ISO 1400 sertifisert:	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/> Dato: igang med sertifiseringsprosess

Innhald i rapporten:

Denne rapporten omhandlar dei avvik og merknader som vart funne innan dei reviderte områda av det systematiske helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet (HMS) i verksemda.

Kontrollen omfatta følgjande hovudtema: verksemda si oppbygging og utøving av internkontroll i høve til HMS-aktivitetar som gjeld ytre miljø (vern mot ureining og ei betre handtering av avfall), reinseanlegg, produksjons-/forbruksavfall, handtering av kjemikal og farleg avfall, utsleppskontroll vatn/luft og beredskap.

Hovudkonklusjon:

Det vart påvist 3 avvik og gitt 2 merknader i høve til HMS-lovgivinga som gjeld ytre miljø. Avvika omtalar:

- * Bedrifta har eit avvikssystem som bør fungere betre for avvik knytt til ytre miljø.
- * Nokre vilkår i utsleppsløyvet er ikkje følgd opp.
- * Bedrifta si handtering av farleg avfall har manglar.

Utarbeidd dato: **13.09.2010**

For FMVA: Grete Haugan
revisjonsleiar

Innhald

	Side
1. Innleiing.....	4
2. Dokumentgrunnlag	4
3. Omfang	4
4. Avvik.....	5
5. Merknader	6
6. Resultat frå verifikasjon og stikkprøver.....	7
7. Andre tilhøve	7
8. Gjennomføring.....	7

Vedlegg:

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for revisjonen

Vedlegg 2: Omfang av revisjonen

A) Oversikt over dei emna som kontrollen omfatta

B) Verifikasjon/stikkprøver

Vedlegg 3: Deltakarar ved revisjonen

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved EWOS i Florø i tida 7. – 9. september 2010. Kontrollen inngår som ein del den kontrollaktiviteten som fylkesmannen si miljøvernavdeling i Sogn og Fjordane har planlagt for dette året.

Målet med revisjonen var å vurdere om det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet fungerer tilfredsstillande når det gjeld det ytre miljøet. Det vart særleg sett på område som er viktig for

- Verksemda sitt system for internkontroll er tilfredsstillande og dekkande.
- Aktivitetar vert gjennomført som nedskrive og uttalt.
- Verksemda når sine mål og driv sin aktivitet innanfor egne rammer og rammer som styresmaktene har sett.
- Verksemda har særskilt utsleppsløyve, og det vart særleg sett på om krav i utsleppsløyvet vert tilfredsstilt, herunder vern mot utslepp til vatn og luft, om handtering av generert farleg avfall og handtering av kjemikal.

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av leiing og sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan miljøvernavdelinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt.

Vi vil gjere merksam på at alle sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø *ikkje* vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar:

<p>AVVIK vert definert som brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleiksløvgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova, forskrifter til lova, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)</p>

<p>MERKNAD er definert som tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)</p>
--

2. Dokumentgrunnlag

Særleg viktige dokument for kontrollen var ureiningslova med forskrifter, utsleppsløyve, verksemda si eigenrapportering, korrespondanse mellom verksemda og tilsynsetatane og relevante interne dokument.

Nokre viktige dokument for gjennomføringa av kontrollen er lista opp i vedlegg 1.

3. Omfang

Omfanget av revisjonen er nærare omtala i vedlegg 2 (del A).

4. Avvik

Følgjande avvik vart funne:

Avvik 1: Bedrifta har eit avvikssystem som bør fungere betre for avvik knytt til ytre miljø.

Avvik frå: Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften), § 5, andre ledd, punkt 7.

Kommentar:

Under revisjonen vart det avdekka at ikkje alle avvik knytt til ytre miljø er avviksrapportert. Eksempel på forhold som etter fylkesmannen si vurdering burde ha vore avvikshandsama:

- Manglande levering av farleg avfall i 2009, jf avvik3
- Ikkje kvartalsvis prøvetaking av utslepp til vatn i 2009, jf avvik2
- Luktmålingar som ifølgje utsleppsløyvet skulle gjennomførast før sommaren 2010 er utsett pga nødvendig vedlikehaldsarbeid på luftreinseanlegget, jf avvik2.

Det er heller ikkje rapportert avvik i eigenrapporten til fylkesmannen for 2009.

Avvik 2: Nokre vilkår i utsleppsløyvet er ikkje følgd opp.

Avvik frå: Utsleppsløyve etter ureiningslova dagsett 22.10.2007.

Kommentar:

Luktmålingar er ikkje gjennomført etter minimumsfrekvens fastsett i vilkår 4.2. Revisjonen gav forklaring på kvifor målingane bør utsetjast til hausten 2010. Dette er likevel ikkje teke opp med Fylkesmannen på førehand, og er såleis brot på løyvet.

Siste luktmåling (gjennomført i 2008) er ikkje gjennomført for alle utsleppspunkt, jf. krav i vilkår 4.2. Utslepp frå kjemisk scrubber er ikkje målt eller gjennomført spreingsanalyse for.

Den kjemiske scrubberen er føresett fasa ut, jf. vilkår 4.3. Dette har ikkje skjedd og det er ikkje konkrete, tidfesta planar no for utfasing. Bruken av reinseanlegget er likevel mykje redusert. Dersom anlegget likevel er ønska brukt vidare, må reinseteknologi vurderast i høve BAT, og val av løysing avklarast med Fylkesmannen.

Målingar av utslepp til vatn er ikkje gjennomført kvartalsvis og ikkje gjennomført som døgnblandprøve, jf. vilkår 11.1. Merk også at målingane skal gjennomførast i samsvar med eige måleprogram (jf. omtale i vilkår 11.1) som bedrifta må få utarbeidd av kompetent organ. Fylkesmannen er særleg oppteke av at EWOS Florø må få vurdert usikkerheit i prøvene og at prøver vert tekne, behandla og analysert i samsvar med anerkjente standardar. For å få representative døgnblandprøver er det til dømes mogeleg å etablere automatisk prøvetakingsutstyr som kan ta faste, vilkårlege eller vassmengdeproporsjonale prøver over ei tid. Dersom dette ikkje praktisk er gjennomførbart, må det takast eit visst tal prøver over så lang tid som mogeleg for å få representative mål på døgnutslepp.

Avvik 3: Bedrifta si handtering av farleg avfall har manglar.

Avvik frå: Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kap 11, § 11-8 og §11-5.

Kommentar:

- Farleg avfall skal leverast til godkjent mottak minst ein gong per år dersom mengda av det enkelte stoff/avfallstype overstig 1 kg. I 2009 var det berre levert lysrør og blybatteri. Anna farleg avfall (spillolje, syre, base, sprayboksar med meir) er ikkje levert mellom desember 2007 og september 2010.
- På verkstaden var små mengder av fleire typar farleg avfall lagra i tønne saman med sprayboksar. Døme på feilsortert, farleg avfall på lager: Cyanakrylat (stoffnummer usikker), kondensfjernar og Tangit (lim) (stoffnummer 7042 organiske løysemiddel utan halogen), Sikaflex (stoffnummer 7121 polymeriserande stoff og isocyanatar), Casco våtromsilikon (truleg stoffnummer 7091 uorganiske salt og anna fast stoff), CRC kobberpasta (stoffnummer 7021 anna olje- og feittavfall) og oljefilter (stoffnummer 7024 oljefiltre)

5. Merknader

Følgjande tilhøve gav grunn til merknader under kontrollen:

Merknad 1: Bedrifta si vurderinga av miljøkonsekvensar av uønska hendingar bør justerast.

Kommentar:

Bedrifta si vurdering av konsekvensane for ytre miljø i risikovurderinga er for enkelte forhold ikkje i samsvar med fylkesmannen si vurdering.

Eksempel:

Mottak av flytande råvare - fare for overfylling på tank. Vurdert til konsekvens 1. Fylkesmannen meiner konsekvensen av eit slikt utslepp er større, men fleire barrierar/sikringstiltak gjer at sannsynlegheita for at det skjer er mindre. For råvarelagring av flytande råvarer på tank er konsekvensen sett til 3. Dette er same type råvare, og konsekvensen av eit eventuelt utslepp vil bli lik.

Miksing/ekstrudering og tørking, fare for lukt - konsekvens er vurdert til 1.

Eksempel på andre forhold som også bør risikovurderast er lagring av farleg avfall og lagring av kjemikaliar ute på trafikkareal (t.d. stod glyserol ute under revisjonen).

Merknad 2: Bedrifta si samordning av internkontroll med eksterne bedrifter har lite fokus på ytre miljø-tilhøve.

Kommentar:

EWOS Florø nyttar "Bok 0" for å kommunisere internkontrollkrav til bedrifter som utfører arbeid på området. Dokumentet omtalar fleire omsyn til ytre miljø i innleiinga, men har vidare lite fokus på t.d. støy. Eit spesielt høve er fylling av LNG-gass frå bil. Bedrifta er kjent med impulsstøy frå avslutting av fylling. Anlegget er rett utafor EWOS Florø sitt område, men omgjevnadane oppfattar at støyen er knytt til EWOS Florø sine aktivitetar.

Omtalen av farleg avfall kunne vere noko meir omfattande, jf. også omtalen under avvik 3.

6. Resultat frå verifikasjon og stikkprøver

Vedlegg 2 (del B) inneheld omtale av verifikasjonar som vart gjort i samband med revisjonen.

7. Andre tilhøve

EWOS AS er i gang med ein prosess med sikte på ISO 14001 – sertifisering, og har gjennom dette hatt auka fokus på ytre miljø. Verksemda har hatt ein sertifiseringsrevisjon, og har no lukka alle avvik. Denne prosessen har også ført til auka fokus på miljøløyper og dei krava som er sett i utsleppsløyper. Fylkesmannen ser svært positivt på dette, og ønskjer lukke til med sertifiseringa.

EWOS AS har gode system for oppfølging og forbetring på fleire område som har verknad for ytre miljø. Verksemda har ein stabil arbeidsstokk, og vi fekk inntrykk av ei bedrift med engasjerte og positive medarbeidarar.

Etter revisjonen vart nokre tilhøve i utsleppsløyper gjennomgått. Gjennomgangen viste fleire forbetringpunkt når det galdt å klargjere krav i utsleppsløyper, og om samanhengen mellom årsrapporteringa til verksemda og AltInn-systemet. Moglege endringar vart nemnd. Verksemda kan ta initiativ til få klarlagt betre krav i løyper, og må vurdere om det er grunn til å utvide ramma for produksjon.

8. Gjennomføring

Revisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

Formøte

Det vart ikkje gjennomført eige formøte. Verksemda vart varsla om revisjonen pr. telefon 25.06.2010 og gjennom brev datert 28.06.2010.

Opningsmøte den 7.9.2010

Det vart gitt orientering om formål med revisjonen. Sentrale omgrep vart definerte og hovudkrava i internkontrollforskrifta vart gjennomgått. Vidare vart venta omfang og gjennomføring av revisjonen gjennomgått.

Verksemda informerte om eigen organisasjon og gjennomgikk sentrale prosessar. Oppbygginga av verksemda sitt styringssystem vart presentert, og ulike dokument vart gjennomgått.

Intervju og verifikasjonar 7. og 8.9.2010

Fire personar deltok på opningsmøte. Seks personar vart intervjuet, og alle desse deltok på sluttmøtet.

I vedlegg 3 er det gitt oversikt over deltakarane ved revisjonen.

Sluttmøte den 9.9.2010

Avvik og merknader vart gjennomgått. Det vart semje om teksten som er identisk med kapittel 4 og 5 i denne rapporten.

Det vart orientert om at innhaldet i rapporten, unnateke deltakarlista, vert offentleg tilgjengeleg ved utsending.

Dokumentunderlag for kontrollen:

Oversikt over dei dokumenta som var spesielt viktige for gjennomføringa av kontrollen ved EWOS AS Florø:

1. Ureiningslova med forskrifter
2. Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta), *med vekt på ytre miljø*
3. Utsleppsløyve dagsett 22.10.2007
4. Eigenrapport til FMVA 2008 og 2009
5. Verksemda sitt styringssystem (med fokus på internkontrolldokumentasjon)
6. Oversyn over mål
7. Oversyn over organisasjonen; ansvarstilhøve, oppgåver og myndigheit i høve HMS.
8. Risikoanalyse
9. Handlingsplanar innan HMS
10. Avviksrapportar og eigen oppfølging
11. Deklarasjonsskjema farleg avfall og oversyn over innleverte mengder farleg avfall i databasen Norbas
12. Nedskrivne rutinar og eigen oppfølging av desse
13. Journal over avfallshandtering
14. Handtering av egne kjemikal og substitusjonsplikta

Omfanget av FMVA sin kontroll

A) Oversikt over dei emna som kontrollen omfatta

Kontrollen omfatta følgjande sider av verksemda sitt HMS-ansvar:

- * Om verksemda har bygd opp intern kontroll for å sikre at krav innan HMS-lovgivinga vert tilfredsstilt. FMVA fører tilsyn med at internkontrollen omfatta og er dekkande for tilhøve som er viktige for å verne mot ureining (utslepp til vatn og luft) og å sikre ei betre handtering av avfall
- * Status for internkontrollen ved verksemda og korleis den vert utøvd
- * Målsetjing for ytre miljø (utslepp til vatn og luft, støy og avfallshandsaming)
- * Ansvarstilhøve
- * Risikovurderingar og handlingsplanar for å redusere risiko
- * Internt tilsyn
- * Dokumentstyring
- * Avvikshandsaming
- * Drift og tilsyn med avløpsanlegg og utslepp
- * Avfallshandsaming
 - * rutinar for sortering av avfall
 - * rutinar for handtering av farleg avfall
- * Substitusjonsplikt og handtering av kjemikal
- * Utsleppskontroll

B) Verifikasjon/stikkprøver som vart gjennomført i samband med revisjonen

System:

Om dei faktiske handlingane i organisasjonen samsvarar med den skrivne dokumentasjon
Om organisasjon oppfatta seg og er oppbygd som omtalt i skriven dokumentasjon
Om dei faktiske ansvarstilhøve samsvarar med skriven organisasjonsomtale
Om systemet vert vedlikehalde og oppdatert som omtalt i skrivne rutinar
Om avvik vert meldt som føreset, og vert faktisk avvikshandsama i organisasjonen

Prosessanlegg:

Om faktiske handlingar er i samsvar med skrivne rutinar
Om sikring av flytande væske på eller ved anlegget
Om støy, støv og lukt

Avfall:

Om rutinar for lagring og levering av avfall er i samsvar med lov- og forskriftskrav og utsleppsløyve

Avløpsanlegg:

Om rutinar for drift av reinseanlegg er i samsvar med utsleppsløyve og krav regulert i lov eller forskrift
Uttak av vassprøve

Deltakarar ved kontroll ved EWOS AS Florø i tida 7. – 9. 09.2010

I tabellen under er det gitt ei oversikt over dei personane i verksemda som deltok under formøte, opningsmøte og sluttmøte, og som vart intervjuet.

Namn	Arbeidstittel (funksjon)	Opning s-møte	Intervju	Slutt-møte
	Vedlikehald/ teknisk	X	X	X
	Fabrikkssjef	X	X	X
	HMS/personalkoordinator	X	X	X
	Arbeidsleiar	X	X	X
	Mekanikar		X	X
	Lean-koordinator		X	X

Revisjonsgruppa:

Frå FMVA deltok: Grete Haugan, revisjonsleiar og Gøsta Hagenlund, revisor.